

forum for  
natur og friluftsliv  
Møre og Romsdal

Nesset kommune

Dato: 18.01.2017

*FNF Møre og Romsdal er et samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påvirker natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre Friluftsråd, turistforeningane i Møre og Romsdal, speidarorganisasjonane i fylket og Møre og Romsdal 4.. Totalt representerer disse organisasjonene mange medlemmer med en stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.*

## **Uttale – høyring av revidering av retningslinjer for motorisert ferdsel i Nesset**

Vi viser til høyring om revidering av retningslinjer for motorisert ferdsel i Nesset med høyringsfrist 5 feb. 2018.

Vi les i saksframlegget at Nesset kommune har sondert moglegheita for å lage ei plan for snøskuterløypene i kommune, men har gitt opp dette. Samstundes veit vi at kommunen har starta arbeidet med kartlegging og verdsetting av friluftsområdene sine. Summen av dette er vel at vi pr dato har manglande informasjon om korleis den motoriserte ferdselen i Nesset kommune påverkar friluftslivet i dei ulike grendene i kommunen.

Vesentleg i all samfunnsplanlegging er behovsvurdering av foreslåtte tiltak og kost/nytte vurderingar. Difor vil vi innleiingsvis etterlyse ein analyse av kva kommunen meiner om behovet for motorisert ferdsel i Nesset kommune. Kor stort er behovet for motorisert ferdsel i kommunen og kva fører dette til av negative konsekvensar for til dømes friluftslivsfolket og reiselivet ? Vi les jo i saksframlegget gjennom idrettslaget sine kommentarar kva friluftsliv- og skifolket meiner om snøskuterkøyringa. Men kva meiner Nesset kommune sjølv om denne problemstillinga friluftsliv i høve til motorisert ferdsel ? Og kva meiner reiselivet som jo lever av naturen i Nesset skal vere bildet av kommunen sin utad; ein skitur opp på Skjorta eller eit tresifra tal snøskutarar som køyrer til hytta si ? Og kor mange har nytte av den motoriserte ferdselen og kva nytte har dei av den ?

Våre organisasjonar arbeider for folkehelse, friluftsliv for alle og vern av natur. I denne samanhengen blir det lett for oss å foreslå at det bør vere ei fornuftig leigekøyringordning som bør vere å foretrekke framfor å la 100 stk snøskutarar køyre rundt omkring slik som det jfr saksframlegget har vore praksis fram til no. Vi unner dei om lag 100 stk menneskja som er tenkt gitt løyve til også ei god helse og rår til at ein berre tillet leigekøyring i kommunen. Ved


---

**Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal**

Idrettsvegen 2, 6413 MOLDE

Mob: 46 43 14 27 E-post: [moreogromsdal@fnf-nett.no](mailto:moreogromsdal@fnf-nett.no)

[www.fnf-nett.no](http://www.fnf-nett.no)



forum for  
natur og friluftsliv  
Møre og Romsdal

sida av betre helse til desse 100 stk menneskje (som jo hovudsakleg er godt vaksne karar i verste farealderen helsemessig) vil jo dette også føre til at vi får det meir fredeleg ute i naturen for den som liker å røre seg der.

Nesset kommune omtalar seg sjølv på si nettside som; «*Det er godt å bo i Nesset. Tid med familien, frisk luft og vakker natur. Frihet til å være høyt oppe eller lavt nede, trygt og rolig eller vilt og heftig – naturen i Nesset har noe for alle, og det like utenfor stuedøra..*» Forum for Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal er heilt einig med Nesset kommune om dette. Men vi er nok ueinig om korleis ein skal handle i høve til å sikre at dette framleis vil vere situasjonen i framtida. Vi trur ikkje at Nesset kommune ved å leggje til rette for til dømes slik fri snøskuterkøyring vil oppnå si målsetting knytt til frisk luft og natur.

Friluftsliv- og naturvernorganisasjonane i Møre og Romsdal har ved fleire høve gjort kommunane i fylket og andre merksame på dei negative konsekvensane av å ha frislepp av snøskuterkøyring. Vidare har vi påpeikt at i Noreg ønskjer dei fleste det enkle friluftslivet og ønskjer område utan støypåverknad då dette er ein svært verdifull kvalitet som det er viktig å ta vare på. Vi vil her vise til vår uttale til miljøvernministeren 09.12.2013;

*« FNF Møre og Romsdal ønskjer å sende ei bekymringsmelding til Miljøvernministeren om at vi ser på frislepp av snøskuterkøyring som høgst uheldig for nasjonen. Dei grønne organisasjonane vil peike på at dei er imot fornøyelseskøyring med snøskuter i dei heile. Det strir mot den norske folkesjela at det no blir invitert til auka motorferdsel i utmarka. Friluftsfolket flest søkjer naturopplevingar i stille omgjevnader med minst mogleg motorisert ferdsl. Vi ber om forståing for dette synet, og ber om at regjeringa snur i denne saka.»*

Vi legg til grunn at lovverket i Norge er laga for at naturen skal vere fri for motorferdsel med unntak av berre dei mest samfunnsgavnlege behov. Nesset kommune har ein fantastisk natur og ein historie i det enkle friluftslivet. FNF vonar Nesset kommune er seg bevisst det ansvaret kommunen har for å føre vidare dei gode norske friluftstradisjonane basert på ein ikkje-motorisert ferdsl i naturen. Vi trur at kommunen forstår at det er naturen i Nesset kommune som er salsvara og ikkje støyen og eksosen ved snøskuteren. Motorisert ferdsl er ikkje berekraftig turisme, men ein stillfaren umotorisert ferdsl som ikkje er til sjenanse for natur og folk er det.

### **Konklusjon**

Forum for Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal ber om at Nesset kommune går inn for leigekøyring framfor å gi fullt av dispensasjonar til eit hundretals snøskuterkøyrarar.

helsing

*Ingbjørn Bredeli*

Koordinator Forum for Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal

---

**Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal**

Idrettsvegen 2, 6413 MOLDE

Mob: 46 43 14 27 E-post: [moreogromsdal@fnf-nett.no](mailto:moreogromsdal@fnf-nett.no)

[www.fnf-nett.no](http://www.fnf-nett.no)